



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.08.2015

Vår ref.: 2015/9276

Arkivnr.: 521.9

Sola kommune
Postboks 99
4097 SOLA

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Sola kommune

Vi viser til brev datert 18.12.2014, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2015. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Sola kommune i løpet av andre halvår 2015. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen og avtale dato for denne.

Forslag til dato for kontrollen

Vi vil føreslå å gjennomføre kontrollen **onsdag 30. september 2015**. Som alternativ dato har vi sett opp tysdag 29. september. Vi håpar at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 13.08.2015.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane på landbruksområdet. Sist det blei gjennomført tilsvarende forvaltningskontroll i Sola kommune var 19. oktober 2009.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Under kontrollen vil vi sjå nærare på kommunen si forvaltning av regelverket knytt til produksjonstilskot i jordbruket, tilskot til avløyning ved sjukdom mv og tilskot etter regionalt miljøprogram.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake med meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09.00-09.30 Formøte - informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09.30-14.30 Intervju og gjennomgang av dokument

14.30-15.00 Sluttmøte - oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og saksbehandlar(ar) for dei ulike ordningane. I tillegg er det eit ønskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta på formøtet og sluttmøtet.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Geir Skadberg i tillegg til saksbehandlarar på produksjonstilskot, sjukdomsavløyning og regionalt miljøprogram. Kontrollansvarleg for denne forvaltningskontrollen er Sissel C. Endresen.

Ta kontakt om det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

—
Geir Skadberg
ass. landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no